07/26 Innkalling til møte i Strandebarm sokneråd

Stad: Kyrkjelydshuset

Tid: Torsdag 12.11. kl 19.00-21.00

Meld forfall til Margun, tlf 909 22 572/ mmtordal@gmail.com eller Tor Håkon tlf 408 84 271

Opning: Renate

SAKLISTE

Sak 47/ 26: Godkjenning av innkalling og referat

Sak 48/26: Meldingar

Sak 49/26: Aktivitetsliste for trusopplæringa

Sak 50/26: Val av soknerådsleiar

Sak 51/26: Tilbakebetaling til Fellesrådet

Sak 52/26: Eventuelt

Sakspapir blir skrivne ut til møtet.

VELKOMMEN TIL MØTE!

For soknerådet

Margun Mikkelsen Tordal

Sak 47/ 26: Godkjenning av innkalling og referat

Framlegg til vedtak: *Innkalling og referat blir teke til vitande, med merknad om at det kom noko seint til soknerådsmedlemmene.*

Sak 48/26: Meldingar

Framlegg til vedtak:

Meldingar blir tekne til vitande.

- Arne Gjerstad har sagt at han kan sitja og selja bøker på stand på julemessa i Strandebarm idrettshall laurdag 28.11. Det kostar kr 200 å leiga eit bord. Arne og Margun blei einige om at bøkene no kan seljast for kr 200,- fordi ein har selt så mange bøker at kostnadene ved trykking er dekka.
- Strandebarm og Vikøy sokn går ilag om å kjøpa ein avskjedspresang til presten vår, Vetle. Soknerådsformennene er i tenkjeboksen på kva lurt og kjekt me kan koma på å gje. Vil gjerne ha tips frå soknerådet!

Sak 49/26: Aktivitetsliste for trusopplæringa:

Framlegg til vedtak: *Lista over trusopplæringsaktivitetar blir godkjend.*

Til orienteing: I skrivande stund har ikkje leiar greidd å koma seg inn på kirka vår for å finna opplysningane me treng. Ho jobbar med saka, og har det sikkert klart til SR-møtet torsdag.

Sak 50/26: Val av soknerådsleiar:

Leiar kan godt tenkja seg å bli løyst frå vervet frå no av, og at nokon andre i soknerådet overtar siste etappe i denne valperioden. Ho ber difor soknerådet om å velja ny leiar forresten av året og fram til valet i 2027.

Det blir ikkje lagt fram forslag til ny leiar i sakspapira, men saka blir handsama i soknerådet.

Sak 51/26: Tilbakebetaling til Fellesrådet.

Framlegg til vedtak:

Strandebarm sokneråd betaler kr 10 000,- til Kvam kyrkjelege fellesråd for utlegg dei har hatt i samband med Strandebarm kyrkje sitt jubileum 2026.

Kvam kyrkjelege fellesråd ved kyrkjeverja tok i vår/ sommar på seg kostnadene ved annonsering av kyrkjejubileet i aviser og ved å laga plakatar og program til kyrkjejubileet. Som me veit, kan dette fort bli forholdsvis store kostnader.

Sidan jubileet gav eit så pass stort overskot, er det naturleg at me betaler tilbake utgiftene. Kyrkjeverja synest den føreslegne summen er ok.

Sak 52/26: Eventuelt